

Innkalling

Utval: Fjord kontrollutval
Møtestad: Fjord rådhus, kommunestyresalen
Dato: 15.09.2025
Tidspunkt: 10:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 926 11735.

Annridd Margrete Nerhus har meldt forfall. Vara er varsla.

Sakliste

PS 13/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 14/25 Meldingar og skriv
MS 04/25 Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025
MS 05/25 Protokoll frå årsmøte i FKT 2025
MS 06/25 Statleg tilsyn innan landbruk Fjord kommune 2025
PS 15/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Personalforvaltning
PS 16/25 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2025
PS 17/25 Tilråding til budsjett 2026 frå Fjord kontrollutval

Ålesund, 08.09.2025

Johan Arnt Overøye
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/25	Fjord kontrollutval	15.09.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 26.05.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/25	Fjord kontrollutval	15.09.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

04/25	Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025
05/25	Protokoll frå årsmøte i FKT 2025
06/25	Statleg tilsyn innan landbruk Fjord kommune 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 04/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet får protokollen frå generalforsamling i Attvin AS som var halden 5. juni 2025. Kontrollutvalet får det som melding / informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling 05.06.2025 - Attvin AS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 05/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Protokoll frå årsmøte i FKT 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet får protokollen frå årsmøte i FKT (forum for kontroll og tilsyn) som var halden 3. juni 2025. Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter i selskap kommunen har eigarinteresser/er medlem i.

Vedlegg

Protokoll årsmøte 2026 Forum for kontroll og tilsyn

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 06/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Statleg tilsyn innan landbruk Fjord kommune 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og er kjend med tilsynet.

Bakgrunnsinformasjon:

Det blir gjennomført statleg tilsyn med kommunane på ei rekkje ulike område. Statleg tilsyn blir hovudsakleg utført av statsforvaltaren. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. For at denne innsatsen skal bli nytta best mogleg, er det viktig at statsforvaltaren og kontrollutvalet held seg orientert om kvarandre sitt arbeid, og brukar denne informasjonen aktivt i sitt eige arbeid.

Meldinga leggst fram slik at kontrollutvalet er kjend med tilsynet.

Vedlegg

Rapport frå forvaltningskontroll landbruk 2025 - Fjord kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 15/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Personalforvaltning Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet ber om at rapporten frå forvaltningsrevisjon Personalforvaltning i Fjord kommune vert handsama som eiga sak i kommunestyret, utan ugrunna opphald.

Kontrollutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Arbeide med HMS og arbeidsmiljø:
 - a. Utvikle samarbeidskulturen opp mot verneteneste og tillitsvalde, og involvere desse enda meir i det førebyggjande og systematiske HMS-arbeidet.
 - b. Gjennomføre og følgje opp medarbeidarsamtalar i alle einingar.
2. Forbetre sjukefråværsarbeidet og -oppfølging:
 - a. Sikre at det blir utarbeidd oppfølgingsplanar, at det blir gjennomført dialogmøter ihht. til kommunens rutinar, og vurdere om det er behov for meir støtte/opplæring til dei som skal følgje opp sjukemeldte .
 - b. Arbeide vidare med å utvikle samarbeid og dialog til sentrale partar (t.d. NAV) når det gjeld sjukemeldte.
 - c. Bruke dei tilsette si tilbakemelding på kva som er dei største forbetringpunkta i sjukefråværsoppfølginga til det førebyggjande HMS-arbeidet.
3. Vidare utvikling av bemanning, kompetanse og rekruttering:
 - a. Kartlegge om det er etablerte verktøy som kan nyttast til å effektivisere arbeidet med vikarbruk i aktuelle einingar.
 - b. Fortsette arbeidet med å styrke kompetanseplanlegging gjennom systematisk og regelmessig kartlegging (gjennom til dømes Dossier eller tilsvarande verktøy).

- c. Følgje opp dei tilsette sine svar om arbeidskvardag og arbeidsmiljø, samt innspel til tiltak for rekruttering, som grunnlag for å vidareutvikle og styrke den strategiske rekrutteringa.

Fjord kommunestyre ber kommunedirektøren følge opp dei nummererte punkta og rapportere tilbake til kontrollutvalet innan 1. kvartal 2026.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ei plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Fjord kontrollutval vedtok i sitt møte 3. februar 2025 å bestille ein prosjektplan for personalforvaltning i Fjord kommune. Prosjektplana var diskutert og handsama i møte 24. mars 2025 i tråd med tilrådinga. Fjord kontrollutval gav sine innspel til revisor, som tok desse med vidare inn i sitt arbeid med forvaltningsrevisjonen.

På kontrollutvalet sitt møte 26. mai 2025 fekk utvalet ei oppdatering på arbeidet med forvaltningsrevisjonen. Det har difor vore tett kontakt mellom revisjonen, sekretariatet og kontrollutvalet i arbeidet med rapporten.

Problemstillingar:

Problemstilling 1:

Korleis arbeider Fjord kommune med førebygging og oppfølging av sjukefråvær i helse- og omsorgssektoren?

Problemstilling 2: Korleis arbeider Fjord kommune med bemanning i helse- og omsorgssektoren?

I tillegg ville revisjonen undersøke kva erfaringar dei tilsette har med turnusordninga innan helse-og omsorgstenesta.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA har oppdragsansvarleg revisor Ingrid Walstad Larsen og forvaltningsrevisor Jorunn Hoås Rødal utført revisjonen.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt revisjon på, innan personalforvaltning i Stranda kommune.

Rapporten startar med eit samandrag som viser til konklusjonane revisor gjer og kva råd som revisor gir, med bakgrunn i funna. Sekretariatet vurderer det som naturleg at kontrollutvalet byggjer sin uttale på revisor sine råd, når utvalet skal gje si tilråding til kommunestyret.

Kommunerevisjonen skriver følgande i sine konklusjonar på kvar problemstilling:

KONKLUSJON PROBLEMSTILLING 1

Fjord kommune har etablert eit omfattande system for HMS-arbeid og sjukefråværsoppfølging, med klare rutinar og verktøy for både kartlegging, dokumentasjon og oppfølging. Det finst strukturar som HMS-handbok, Compilo-systemet, årshjul og møtefora som skal bidra til eit systematisk og førebyggjande arbeidsmiljøarbeid. Det er tilgang på bedriftshelseteneste og ulike førebyggjande tiltak. Fleire tilsette vurderer også kommunikasjonen med næraste leiar som god. Sjølv om leiarar viser til at oppfølgingsplanar og dialogmøte blir gjennomført, viser funn frå spørjeundersøkinga at ein viss andel tilsette har ikkje fått tilbod om medarbeidarsamtalar, oppfølgingsplanar eller dialogmøte. Dette kan tyde på at det er eit skilje mellom formell praksis og opplevd praksis. HMS-arbeidet vert ikkje alltid erfart som systematisk og målretta, verken av vernetenesta, tillitsvaldsordninga eller av dei tilsette. Særleg gjeld dette oppfølginga av konkrete tiltak etter

møter og medarbeidarsamtalar, bruk av sjukefråværsstatistikk, samt involvering av verneombod og tillitsvalde i førebyggingsarbeidet. Dette indikerer variasjonar i etterleving og praksis.

Samla sett vurderer vi at Fjord kommune har fleire element av god praksis, men våre funn tyder

også på at det er behov for å styrke etterlevinga i praksis og sikre betre systematikk når det gjeld oppfølging og samarbeid.

KONKLUSJON PROBLEMSTILLING 2

Fjord kommune har etablert fleire strategiske tiltak for å tiltrekke og behalde kvalifisert arbeidskraft. Det er særleg lagt vekt på økonomiske og praktiske insentiv, som gode lønsordningar, bustadtiltak, og rekrutteringsfremmande prosjekt/marknadsføring. Dette viser at kommunen i hovudsak arbeider strategisk for å styrke rekrutteringsgrunnlaget. Samtidig indikerer funn frå intervju og spørjeundersøking at det framleis er utfordringar, mellom anna knytt til språkbarrierar, bustad, og låg stabilitet i arbeidskraft frå bemanningsbyrå.

*Kommunen har sett i verk fleire tiltak for å utvikle og halde oversikt over kompetansen i tene-
sta, og fleire leiarar viser til bruk av fagdagar og årshjul. Det er planlagt å ta i bruk Dossier for betre kompetansekartlegging, noko som er positivt. Likevel er det funn som tyder på at det manglar ein samla og systematisk praksis for kompetansekartlegging og -planlegging på tvers av einingar.*

Når det gjeld etter- og vidareutdanning, har Fjord kommune etablert insentiv og ordningar som opnar for deltaking. Trass i dette er faktisk deltaking låg, og det kjem fram fleire barrierar som hindrar bruk av ordningane, både strukturelle og personlege. Funn frå intervju og

spørjeundersøking tyder på at tilrettelegginga ikkje alltid opplevast som reell, og at leiarstøtte og praktisk fleksibilitet kan styrkast.

Når det gjeld opplæring viser våre funn at kommunen har gode rutinar og eit etablert system for opplæring av nytilsette. Prosedyren i Compilo vert nytta, og leiarar følgjer i hovudsak

opp med samtalar, opplæringsplanar og obligatoriske kurs. Dei fleste tilsette er nøgde, men det finst nokre utfordringar i enkelte einingar.

Samla sett vurderer vi at Fjord kommune har etablert fleire tiltak og ordningar for å møte utfordringane innan bemanning og kompetanse. Samtidig er det behov for å styrke den strategiske og systematiske gjennomføringa, særleg når det gjeld kompetansekartlegging og praktisk tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

TILRÅDINGAR

Basert på våre funn og vurderingar tilrår vi at Fjord kommune vurderer følgande for å styrke områda i forvaltningsrevisjonen:

- 1. Arbeide med HMS og arbeidsmiljø:*
 - a. Utvikle samarbeidskulturen opp mot verneteneste og tillitsvalde, og involvere desse enda meir i det førebyggjande og systematiske HMS-arbeidet.*
 - b. Gjennomføre og følgje opp medarbeidarsamtalar i alle einingar.*
- 2. Forbetre sjukefråværsarbeidet og -oppfølging:*
 - a. Sikre at det blir utarbeidd oppfølgingsplanar, at det blir gjennomført dialogmøter ihht. til kommunens rutinar, og vurdere om det er behov for meir støtte/opplæring til dei som skal følgje opp sjukemeldte .*
 - b. Arbeide vidare med å utvikle samarbeid og dialog til sentrale partar (t.d. NAV) når det gjeld sjukemeldte.*
 - c. Bruke dei tilsette si tilbakemelding på kva som er dei største forbetringpunkta i sjukefråværsoppfølginga til det førebyggjande HMS-arbeidet.*
- 3. Vidare utvikling av bemanning, kompetanse og rekruttering:*
 - a. Kartlegge om det er etablerte verktøy som kan nyttast til å effektivisere arbeidet med vikarbruk i aktuelle einingar.*
 - b. Fortsette arbeidet med å styrke kompetanseplanlegging gjennom systematisk og regelmessig kartlegging (gjennom til dømes Dossier eller tilsvarende verktøy).*
 - c. Følgje opp dei tilsette sine svar om arbeidskvardag og arbeidsmiljø, samt innspel til tiltak for rekruttering, som grunnlag for å vidareutvikle og styrke den strategiske rekrutteringa.*

Kommunedirektøren har fått rapporten både til faktasjekk og til høyring. Uttalen frå kommunedirektøren ligg ved rapporten på side 55. Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å støtte opp om revisor sine konklusjonar og råd, og gjere sitt vedtak i tråd med dei. Nokre av dei punkta som rapporten løfter fram, handlar om prioritering og bruk av tilgjengelege ressursar. Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å gjere prioriteringar knytt til tildeling av ressursar. Utvalet sitt mandat er å gje informasjon til kommunestyret dersom ei slik kontrollhandling som ein forvaltningsrevisjon er, avdekkar konsekvensar av forvaltinga som kommunestyret bør kjenne til. Så er det opp til kommunestyret å gjere dei rette prioriteringane når dei gjev si budsjетtramme.

Slutført rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 28. august 2025, som er i tråd med prosjektplanen. Det er i innleiinga i rapporten vist til kva avgrensingar som er gjort, ut frå den ramma som kontrollutvalet gav revisor for denne revisjonen. Prosjektplanen skisserte ei ramme på 275 timar. Ut frå informasjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA er prosjektet gjennomført i tråd med denne ramma.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjonsrapport Personalforvaltning

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 16/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2025 Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2025 til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevingskontroll)
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år. Planen vil mellom anna omfatte

dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Revisor har gått gjennom utkast til kommunikasjons- og revisjonsplan 2025 i møte med sekretariatet. Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjonen som vert utført og kva dette inneber. Dette gir då eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegare kontrollhandlingar.

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram (som erstatter Ronny Rishaug) frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil i møte 15. september 2025 presentere planen og forklare utvalde risikoområder. Revisjonsplanen vil være grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Vedlegg

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2025 - Fjord kommune

Oppdragsansvarlig revisor si vurdering av ubundenheit 2025 - Fjord kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 17/25 Fjord kontrollutval

Møtedato
15.09.2025

Tilråding til budsjett 2026 frå Fjord kontrollutval Fjord kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Fjord kontrollutval foreslår til kommunestyret ei samla budsjettramme 2026 for kontrollarbeidet på kr 1.590.000

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 100.000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 460.000
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.030.000

Bakgrunnsinformasjon:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Fjord kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Fjord kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2023, 2024 og delar av 2025, samt tek utgangspunkt i deira vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapsen er frå kommunen si side, når den vert levert i februar.

Det har vore gjennomført ein risiko og vesentlegvurdering (ROV) i 2024 som grunnlag for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Denne plana blei handsama av kommunestyret i 2024. Det er difor eit ynskje at Fjord kontrollutval kan bestille ein forvaltningsrevisjons rapport på vegne av kommunestyret i 2026.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2026 på kr 1 030 000 for dei tenester som revisjonen utfører.

Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2025 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2026, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2026. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Fjord kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2026 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til i underkant av kr 54 000.

Det er særskilt viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særst nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansestader. Fjord kommunestyre valde i 2022 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2026 for kontrollutvalet vere på kr 100 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Det totale budsjettforslaget på kr 1 590 000 for kontrollarbeidet i Fjord kommune for 2026 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	54 000	
Kurs og opplæring	30 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
Kontrollutvalet		100 000
Sekretariatstenester (SKS IKS)		460 000
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	700 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	330 000	
Revisjonstenester (MRR SA)		1 030 000
Sum kontrollarbeide 2026 Fjord kommune		1 590 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje uendra tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet sin uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt framlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.